

# Kyrkjeblad for Fjaler

NR.1 APRIL 2025

83. ÅRGANG

God påske!

# Den tomme krossen

Når kyrkjeklokken ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjhusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjhusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og guds nærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkeste symbolet i kyrkerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjeunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis

Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublende synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.



Foto: Jens Z. Meyer/Bjørgvin bispedømmekontor

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterke!

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!  
Livet er gjemt i et jordekket frø.  
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.  
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Av biskop Ragnhild Jepsen

## ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m<sup>3</sup> – 35 m<sup>3</sup>
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

# 90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



## Fuglesong i Folkestad kapell



Kom og hør Mark Taylor spelar Georg Friedrich Händel sin orgelkonsert «Gauken og nattergalen», HWV 295, kl. 18.40 første påskedag i Folkestad kapell.

Konsertens kallenamn kjem frå den andre satsen, der eit lite motiv høyrest ut som ein gauk og ein episode i g-moll har ein nattergals milde song. Høveleg med fuglesong i kapellet om våren!

Konserten vart urframført av Händel sjølv i London 2. april 1739 som eit mellomspel under urframføringa av komponistens oratorium «Israel i Egypt» som fortel om den første påska då Gud redda folket sitt frå slaveri i Egypt.

Vel møtt til miniorgelkonserten før høgtidsgudstenesta 1. påskedag! MT

## Vårkonsert med Cantus

Cantus held vårkonserten sin i Dale kyrkje onsdag 4. juni kl. 19. Her vert det eit samandrag av korsesongen 2024-2025 frå Dalsfjordbrua til vårsongar som No livnar det i lundar. Koret tek ein pause midt i konserten og du får høre vakker solosong av sopran Anne Marte Ospedal Haugen og kan hende eit par pianostykke spela av kantor Mark på det flotte konsertpianoet. Vel møtt til ein hyggeleg time med Cantus! MT



Tusen takk for alle minnegåver og helsingar i samband med Per Nedrebø si gravferd. Helsing Anny, Ole Jakob og Grete, Lillian og Bjarte."

## Minnegåve ved Hilda Haugen sin bortgang

Hilda Haugen, mangeårig trufast medarbeidar for å gjere Ljosheim til ein triveleg stad å vere, gjekk bort hausten 2024. Ved hennar båre vart det gitt minnegåver til Ljosheim på kr 5500,-. Desse gåvene er sett på Ljosheim sitt kapitalfond. Vi er takksam for denne gåva, og alle år med krefter og hjartelag som Hilda Haugen viste både Ljosheim og fellesskapet som er knytt til Ljosheim.

## Bispevisitas i Fjaler i september

Biskop Ragnhild Jepsen kjem til Fjaler på visitas 9.-11. september med visitasgudsteneste søndag 14. september. Det blir lagt opp til møte med tilsatte og kommunaleiing, og besøk på sjukeheim og deltaking på skulegudsteneste. Biskopen ser fram til å møte folk og kyrkjelydane i Fjaler. Ho gler seg over at Teaterfestivalen har ein overlappande dag samstundes med visitasen, og at det kan bli deltaking på eit programinnslag der. Program for bispevisitassen kjem i neste nummer av kyrkjebladet i august, på Facebook og heimesida til kyrkja i Fjaler.



Biskop Ragnhild kjem til Fjaler. Foto: Gjermund Øystese/Norges Kristne Råd

## Nye utelys mellom Dale kyrkje og Ljosheim

Vi har hatt vedlikehald på flomlyskastarane retta mot Dale kyrkje, men og utelysa som er montert på reiskapshuset ved gravplassen. Resultatet er at plassen mellom Dale gravplass og Ljosheim forsamlingshus no er godt opplyst på mørke kveldar og netter.



## Årsrapport 2024 frå Fjaler sokneråd

Fjaler sokneråd sin årsrapport for Fjaler sokn si verksemid i 2024 blir lagt ut på nettsidene før påske. Her kan du lese om kven som no er tilsett i soknet, kva vi har utført og kva vi ønskjer å få gjort framover. Du finn rapporten på [www.kyrkja.no/fjaler](http://www.kyrkja.no/fjaler).

## Takk til Jostein

Kristin Kalstad har vore tilbake som kyrkjeverje ca 50% sidan byrjinga av februar og er i desse dagar tilbake for fullt. Jostein Bildøy er med oss ut april og tar etter det fatt på nye oppgåver. Vi takkar han for solid arbeid og innsats det siste drøye året og ynskjer han lukke til vidare.



## Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med Allan Nogva. Som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

## BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

kr 250 for dei som bur innan kommunen.  
kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke  
Bankkontonr: 3741.20.73135  
Bladpengar  
Vippsnummer: 557133

# Om årsrapporten 2024

**Årsrapporten** speglar det meste av aktiviteten til den lokale kyrkja i Fjaler. Kyrkjeverje er «redaktør» saman med kyrkjeselekretæren, men både sokneprest og kantor har skrive om sine ansvarsområde.

Årsrapporten vil vere tilgjengeleg på Fjaler sokn si heimeside: [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no), og blir lagt ut i kyrkjene/kapella og kan hentast på kyrkjekontoret.

Gudstenester, der mellom anna kor og barn som deltek i trusopplæringstiltak er involvert, har vore og er framleis Fjaler sokneråd sitt hovudsatsingsområde.

## Vi har arbeidd særleg med tre viktige saker dette året:

- Sette i gang prosjekt rehabilitering av kyrkjetak på Guddal kyrkje.
- Sette i gang prosjekt innbygging og tilpassing av handikaptoalett i Dale kyrkje.
- Oppgradere Ljosheim forsamlingshus med nytt audiovisuelt utstyr.

## Rehabilitering av kyrkjetak på Guddal kyrkje

Det har i lengre tid vore utfordring med taket på Guddal kyrkje. Fester til skiferhellene har gradvis forvitra, og nokre har falle ned frå taket. Det er registrert noko skade i treverket innanfor skiferhellene, og skiferhellene har og vist slitasje over tid. Taket over våpenhuset (ingangspartiet) og prestesakristiet (bak alteret) vart skifta ut og taket forsterka på starten av 1990-talet. Medan hovudtaket over skipet og koret ikkje har vore rehabilert sidan ombygging og utviding av kyrkja i 1970. Taket på kyrkjearnet har og behov for rehabilitering, men er ikkje med i dette prosjektet. Det vart i år utarbeidd grunnlag for innhenting av tilbod på total entreprise. I samarbeid med konsulentelskapet SWEKO Førde er det akseptert tilbod frå tømrarfirmaet Aase & Hegrenes, Sunnfjord. Rehabilitering av taket er prisset til kr 1,06 million. Endeleg kontrakt blir skrive tidleg i 2025, når tilleggsspørsmål om skifte av takrenner er avklart med Riksantikvaren. Riksantikvaren og Biskopen i Bjørgvin har elles godkjent prosjektet slik Fjaler sokn har søkt om.

## Handikap-toalett i Dale kyrkje

I haust vart det gjort avtale med ARKI Arkitekter i Førde for forprosjektering av tilpassing av handikaptoalett i Dale kyrkje. Her er det ein del konstruksjonsmessige avklaringar som må gjerast i løpet av våren 2025 før søknad om løysing blir sendt Riksantikvaren Biskopen i Bjørgvin for godkjenning.

Rammeløyve for forprosjektet er kr 300 000,-. Som del av forprosjektet vil det i 2025 bli arbeidd med prosjektkostnad for hovedprosjektet for søknad om ny rammebevilgning frå Fjaler kommune.

## Audiovisuelt utstyr på Ljosheim forsamlingshus

Det er i 2025 gjort oppgradering av audiovisuelt utstyr på Ljosheim forsamlingshus med nytt lydutstyr og prosjektor i storsal. Storsalen er no klargjort til bruk for mindre konferansar, seminar og undervisning. I Småsalen er det montert ein 75" tv-skjerm med konferansekamera for digitale møte, og møte med inntil 10 personar. I matsalen er det montert to 85" tv-skjermar som saman med nytt lydutstyr gjer bruken av dette lokalet meir fleksibelt for ulike arrangement. Det er trådlaus mikrofon og trådlaus mygg i begge etasjar.



## LIVSRITER

	2020	2021	2022	2023	2024
Dåp	14	23	28	14	29
Konfirmasjon	33	27	21	27	22
Vigsel	1	4	3	4	7
Gravferd/Bisetjing	17	35	28	29	18

## Aktivitet i dei ulike kyrkjene – kapella. Tala i parentes er frå 2023

### Dåp:

Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida. Det var 25 (11) i Dale kyrkje, 2 (2) i Guddal kyrkje, 0 (0) i Hellevik kapell, 2 (1) i Folkestad kapell og 0 (0) ved Korssundkrossen.

### Konfirmant:

22 (27) vart konfirmerte i Dale kyrkje, 1 (1) i Guddal kyrkje og 4 (3) i Folkestad kapell.

### Vigsel:

Det var 3 (3) i Dale kyrkje, 1 (1) i Guddal kyrkje og 3 (1) i friluft.

### Gravferd/bisetjingar:

Fordelinga var 13 (15) i Dale, 1 (3) i Guddal, 1 (3) i Hellevik og 3 (5) i Folkestad.  
(Også 3 stk med seremoni på sjukeheimen).

# Grøn kyrkje

Registreringa av Grøn kyrkje (tidlegare "grøn kyrkjelyd") hos Miljøfyrtaarn avslutta den 01.01.25. Prosjektet er revidert og har flytta til det nye planleggingsverktøyet for lokale kyrkjelydar, Kirka vår. Krava til tal tiltak er senka til minst ti. Det viktigaste er å bruke tiltaka – ei flott moglegheit til å få ny giv inn i det viktige engasjementet for verda og nærmiljøet og det som er imellom.

## Kirka vår

«Kirka vår» skal samle og presentere alle aktivitetar i kyrkjelyden og gjere det enklare for soknerådet og tilsette å få oversikt, jobbe tværfagleg og presentere kyrkjelyden sitt arbeid. Då er det naturleg at også det grøne arbeidet er ein del av dette.

Å vere Grøn kyrkje lokalt er først og fremst ei tillitsbasert intensjonserklæring. Det er kyrkjelyden si støtte og tilslutning til kyrkja sitt engasjement for klima, miljø og berekraft. Det er altså ingen formell miljøsertifisering av tredjepart. Korleis Fjaler sokn skal jobbe med dette temaet vert med jamne mellomrom diskutert og forankra i soknerådet.

## Det viktigaste steget er å gjennomføre tiltaka

For at tiltaka skal funke, og for at kyrkja faktisk skal bli grøn, må tiltaka vedtatt av soknerådet følgjast opp. Det er mange i kyrkjelyden som brenn for naturen der ute. Har du lyst til å vere med på nokre av tiltaka? Kanskje får du ei sterkare tilknyting til kyrkja di på grunn av det? Kjem du til gudstenesta med feiring av Skaparverkets dag i juni?

## Vi bruker fly berre når det er absolutt nødvendig

Dette er eit nytt tiltak for kyrkjelyden sitt arbeid, men bør gjelde for alle i det private livet, særleg dei få av oss som flyr mykje i privat samanheng. I fjor tok nordmenn 20

000 000 klimaskadelege flyreiser. Små flyplassar med korte rullebaner er viktig for busetjinga her i distrikta - det er først og fremst flyreisene til utlandet som må reduserast. I snitt har flyreiser om lag eit dobbelt så stort klimafotavtrykk per personkilometer som bensinbilar eller 17% av vårt klimafotavtrykk.

## Ein nærferie med minimale konsekvensar for klimaet

Er du sprek, er ein sykkelferie i vakker natur godt for kroppen og sjela. Fjellturar eller kajakketur i det fantastiske landskapet her på Vestlandet er ei flott oppleveling, evt. kombinert med hytteovernattning. Campingplass-ferie er ei sosial oppleveling, like eins ein dag på stranda eller ein fisketur. Dra til lokale museum, teater, kino, badeland eller lokalmat-opplevelingar i regionen vår.

Om været er därleg, kan du oppleve ei virtuell omvisning heime i stova di, på kjende museum rundt om i verda, utan ei lang og skadeleg flyrese. Besök t.d. Guggenheimmuseet i New York, British Museum i London




eller National Gallery of Art i Washington D.C.

## Ein ferie med minimal påverknad for naturen

Kjøp minst mogleg søppel, bruk returordningar, plukk gjerne søppel på stranda eller i naturen. Hald deg til stien for å ikkje belaste naturen. Pakk lett – kvart kilogram gjev meir utslepp. Bruk svanemerka solkrem utan miljøgifter. Kjøp, et og drikk kortreiste varer, gjerne også med kortreiste råvarer = vinn-vinn – du reduserer fotavtrykket ditt og samtidig støttar du det lokale næringslivet.

MT

## Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørande, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomsterørget AS · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569

# Fasteaksjonen 2025



*Prevencia og familien har klart seg gjennom tørken – takka vere tilgang til vatn og ein klimasmart dyrkemetode.*

## Aksjonsperiode: søndag 6.–tysdag 8. april

Årets fasteaksjon har mottoet: «Det er håp i ein drope vatn», fordi vi veit at reint vatn er livsviktig og heilt avgjerande for all utvikling. Dei siste åra har vi sett at det har skjedd ei positiv utvikling i mange land. Det er færre som lever under fattigdomsgrensa, og fleire har fått tilgang til reint vatn. Men om vi skal ha håp om å nå utviklingsmåla som verdas politikarar har blitt einige om, må vi heile tida fortsetje å kjempe for denne viktige saka.

Kyrkjelydane i Fjaler vil vere med på dette, og gjennomfører ein aksjon til inntekt til Kirkens Nødhjelp – i veka før palmesøndag. Konfirmantane deltek med ein sponsoraksjon der dei utfordrar ulike sponsorar til å sponse aksjonen. Elles kan alle som ønsker å støtte aksjonen gjere det med vipps, eller ved offer i kyrkja.

## Konsert

Vi avsluttar fasteaksjonen med ein solidaritetskonsert i Dale

kyrkje tysdag 8. april kl. 19.00 der Ungdomskoret og elevar frå kulturskulen deltek.

## Bli ein Kirkens Nødhjelp-sponsor – og støtt konfirmantane sin digitale bøsseaksjon!

I år blir Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon, fasteaksjonen, digital. I Fjaler har vi pleidd å ha ein dør-til-døraksjon med innsamlingsbøsser, men i åra som kjem ønskjer vi å gjennomføre ein aksjon der fjalerbuarar støttar aksjonen med Vipps og gjennom offer i gudstenester og på Solidaritetskonserten.

Konfirmantane har fått ei viktig oppgåve – å skaffe seg ein sponsor som støttar aktivitetar dei gjev til inntekt for Kirkens Nødhjelp. Ein slik sponsor kan vere kven som helst, men gjerne nokon i familien som vil oppmuntre konfirmantane til å gjere noko viktig.

I korte trekk får den einskilde konfirmant denne instruksen:

1. Vel ein aktivitet!
2. Invitér sponsorar og avtal beløp.
3. Gjennomfør aktivitet.
4. Varsle sponsorar om korleis det gjekk, og kor mykje sponsorane kan sende til aksjonen.
5. Gje beskjed til konfirmantlæraren korleis det har gått.

Konfirmanten kan til dømes gjere husarbeid eller annan aktivitet for familien – og med sponsorar som sponsrar arbeidet. Sponsorane kan til dømes vere nokre i familien, og sponsorbeløpet blir gitt til inntekt for Fasteaksjonen. Vi oppmodar alle Fjalerbuarar til å støtte opp om aksjonen! Ditt bidrag er veldig viktig!

## Kjem du til solidaritetskonserten?


Tradisjonen tru, avsluttar vi fasteaksjonen med ein solidaritetskonsert med Ungdomskoret og andre lokale ungdommar frå kulturskulen. Kollektan går til Kirkens Nødhjelp sitt viktige arbeid – å gje alle tilgang til reint drikkevatn.

Musikk rører sjela. Det er ingenting som forkynner så sterkt om håp, sakn, lengsel, fred, kjærleik og glede. Musikken har ei sprekraft i seg som er heilt unik. Samtidig er den universell. Musikken kjenner ingen landegrenser eller språkbarriarar.

Faste er den tida i kyrkjeåret der den internasjonale diakonien vert løfta opp og fram. Faste er ei tid for å løfte blikket, ei tid for handling og ei tid for forandring. Ei tid for å kjempe mot urett og nød og redde liv i

katastrofar. Kirkens Nødhjelp gjer dette kvar dag på vegne av kyrkjene i Noreg.

Kom og opplev vakker og rørande musikk frå våre lokale ungdommar som syng og spelar for ei god sak: Det er håp i ein drope vatn.



Vipps

2426



# Velkommen til påskevandring i april!

Påsken har sin viktige bodskap om då Jesus reid inn i Jerusalem palmesøndag. Dette var starten på hans lidingssoge, der lærersveinane åt det siste måltidet med han skjærtorsdag, før Jesus dagen etter døydde på krossen.

Men det sluttar heldigvis ikkje der. For tre dagar etter stod han opp igjen av grava og sigra over døden. Dette var ei så fantastisk hending at denne bodskapen om hans oppstode spreidde seg over heile verda – også til Noreg. Det blei bygd kyrkjer, landet vårt blei styrt av kristne kongar, og kyrkja starta også dei første skulane.

Kyrkja i Fjaler vil invitere born til å delta i og høre om denne fantastiske historia som hende i påska for 2000 år sidan.

Dei som går i 3. klasse og soknar til Dale kyrkje, vil bli invitert til eit opplegg med påskevandring i april.



Vi planlegg ei førebuingssamling torsdag 24. april i Dale kyrkje kl. 11.45–13.15.

Dette opplegget vil bli avslutta med Barnas påskegudsteneste:

Søndag 27. april kl. 11.00 i Dale kyrkje

Påskevandrarane vil få utdelt påskebok i gudstenestene. Vel møtt!

- Å gjøre en forskjell for andre føles godt.  
Frivillig i Kirkens SOS

KIRKENES  
SOS

Vi trenger flere frivillige.  
Bli en av oss.

kirkens-sos.no/frivillig

# Takk for innsatsen, Kari

30. mai fyller Kari Hovland Sæle 90 år. Alderen har etter kvart kravd sitt, men Kari er optimist og bur framleis der ho trivst aller best: heime på Hovland.

## Atle Lyngstad Ness

Kari var den første læraren min, og då måtte eg sjølsagt spørje om lov til å skrive dette. Og sidan eg var lydig i skulen, laut det vere omvendt no: Ho sa ja, om enn litt nølande!

Kari fekk ein trygg og god oppvekst på Hovland, med mor, far og to eldre brør. Mor Helene vokste opp i Sørdalen og vanta nokre veker på 100 år då ho gjekk bort i 1996. Far Cornelius vart nesten 89 år. Kristentrua hadde ein sentral plass i heimen, og Kari har halde fast ved og formidla den, mest i Søndagsskulen, der ho heldt det gåande i over 50 år. Dette var viktigaste grunnen til at ho i 2006 fekk tildelt Kongens fortjenstmedalje i sølv.

## Saman om samlingshus

Grenda vanta forsamlingshus, dei måtte i Espedalen på skulen og når dei samlast i større lag. Dit var langt. Dei brukte stova heime hos Kari til basarar, haustfestar og anna. Det var ofte trøngt om plassen. Då Kari var 10-11 år begynte mor Helene å samle unge jenter i grenda heime i stova. Nett som dei voksne gjorde på sine foreningsmøte, kosa dei unge seg med god mat og handarbeid. Brettspel var også ein viktig aktivitet. Dei som hadde litt pengar å avsjå, kunne gje til huset dei skulle byggje. Basarar og haustfestar hadde dei óg. Somme tider samlast dei til møte i gamlestova til Katrina på Loneland.

## Søndagsskule frå 1961

Far Cornelius var også ein pådrivar med å skaffe hus, og etter 13-14 år stod huset der, gamleskulen på Bjørvikstranda, som den unge byggmeistaren Hilmar Hellebust reiv og sette opp att med noko hjelp frå bygdefolket. Han ville ha 700 kroner for jobben, men bygda var så fornøgd med innsatsen at han fekk 1.000!

Med tida tok Hovland kvinnelag, der Kari var leiar i mange år, over ansvaret for huset. På ymse vis sanka dei pengar, og det dei ikkje måtte ha til utbetring, drift og vedlikehald av huset, fekk misjonen. Kari starta søndagsskule her i 1961 og heldt det gåande i drygt 50 år. Ho starta også søndagsskule i Flekke.

## Lærar på heimebane

Men det minka på folket i grenda, og i 2024 selde dei huset for 150.000 kroner. Når alt utesåande var



Skuleåret 1960-61, 1. og 2. klasse, i Flekke. Framme f.v. Aud Marit Espedal, Åshild Eikås, Solgunn Eikevik, Turid Sande, Sissel Eikevik, Johanna Vassliås. I midten f.v. Lars Hustveit, Bernt Henning Vagstad, Erling Bjordal, Otto Søvig, Atle Ness, Kari Hovland. Bak f.v. Skulestyrar Sigurd Årøy, Nils David Vagstad, Håkon Løseth, Arnfinn Solheim, Einar Hovland. Solfrid Rennestraum ikkje til stades.



60 år etter skulestart i 1959 samlast klassen til mimrefest på Haugland. F.v. Bernt Henning, Håkon, Nils David, Arnfinn, Turid, Solfrid, Einar, Otto, Åshild, Atle og Kari.

dekka, fekk kyrkja i Fjaler 100.000 kroner til barne- og ungdomsarbeidet.

Etter to år som nyutanna lærar ved Espedal skule, kom Kari til Flekke skule hausten 1959. Underteikna var ein av ni håpefulle som meir og mindre var «klar» til å forlate det heimlege og kjende tre dagar i veka då. To av oss var berre seks år. I alle åra sidan, er dette ein av dei største 1. klassane i Flekke.

## Talskvinne for dei svakaste

Men Kari ville meir, ho tok vidareutdanning som spesialpedagog og seinare logoped og var lengste tida knytt til Pedagogisk Psykologisk Rådgjevingskontor (PPR). Ho hadde særleg omtanke og eit vake auga for dei som trøng litt ekstra på vegen mot eit betre resultat enn ordinær undervisning kunne gje dei.



I 2006 fekk Kari tildelt Kongens fortjenstmedalje i sølv frå ordførar Arve Helle. Svært få i kommunen har vorte denne æra til del.



Gamleskulen på Bjørvikstranda vart bedehus på Hovland og nytt i mange høve. Etter salet i 2023 fekk kyrkja 100.000 kroner av salssummen til barne- og ungdomsarbeidet.



I 2004 fekk Kari og fem andre Søndagsskoleforbundet sin hederfisk for lang og god innsats. Framme f.v. Solveig Kleppé, Kari Hovland Sæle, Anders Heggheim. Bak f.v. Ruth Skår, Åsa Øvrebø Stav, Hans Stav og biskop Ole D. Hagesæther som stod for tildelinga saman med sekretær Jostein Bildøy.

Kari bygde hus på Hovland, der ho hadde litt sauver, dyrka poteter og grønsaker attåt arbeid i skuleverket, og ho tok seg etter kvart av aldrande og hjelpetrengande foreldre. Ho var også med og skipa det kristne skulelaget i

Fjaler og hadde 12 år i kommunestyret for KrF. Der tok ho opptakten til og fekk dei folkevalde med på å byggje det som seinare vart Yksnebjørheimen.

### **Seint, men godt**

Det seiest at kjærleikens vegar er uransklege. I godt vaksen alder møtte Kari strilen Karl Johan Sæle frå Blomvåg på Herdla i Øygarden. Dei gifte seg jonsokdag 1997 i Guddal. Men det lukkelege samlivet varde berre i knapt 10 år, då «Kalle» døydde brått medan dei heldt på med vårarbeid i hagen, 16. mai 2007. Då kom det vel med å kunne halde fast ved trua på noko som er større og viktigare enn livet her og no. Kari er takksam for den store familien ho har rundt seg. Å vere saman med dei gjev mykke glede og støtte.

### **Fem gongar i Romania**

Kari var ikkje den som sette seg ned med hendene i fanget og tykte synd i seg sjølv. I staden kasta ho seg ut i eit fleireårig engasjement for Romaniahjelpen Vestlandet, der ho var med på innsamlingar av sko og klede, ho skipa til basarar og verva gjevarar til eit prosjekt med skulegang for born og unge som ikkje hadde fått lære å lese og skrive, i Sibiu fylke. Ho var også med til Romania fem gongar og fekk med eigne augo sjå kor ille og primitivt mange verkeleg hadde det. Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe nokre, var drivkrafta.

### **Vel å vere fornøgd**

- Eg tykkjer eg har hatt eit interessant liv og vel å vere fornøgd, sa Kari då ho fekk fortjenstmedalja. Og då ho skreiv om «Min salme» her i Kyrkjebladet, sa ho at «Kristentrua er ei gåve som har gitt meg styrke i ulike hendingar. Samvær med menneske, store og små, har gitt meg mykje i arbeid og fritid. Så TAKK for livet!»

Takk, like eins, Kari!



Kari Hovland Sæle

# «Ho e' tidige, Sabina»

Det var ei dame på Askvollheimen som sette denne treffande merkelappen på Sabina Baylarbayova. 43-åringen frå Aserbajdsjan er organist i Askvoll og har baby- og småbarnssong her hos oss.

Atle Lyngstad Ness

Den fargerike og humørfylte kvinnen har ein allsidig bakgrunn etter at ho begynte på spele piano som 9-åring. Til saman hadde ho 18 år på skulebenken då ho avslutta med PhD-eksamen, tilsvarande vår doktorgrad. Ho har undervist både ved Baku Musikkakademiet og i musikkskule i piano- og orgelspel. Ho har også undervist i engelsk, russisk og azerbajdzjansk, og ho har vore journalist, arbeidd i museum og endå til vore manager i eit kosmetikkfirma (Oriflame).

## Heilt tilfeldig

Ho kom til Askvoll første gongen i 2009. Det starta med eit tilfeldig møte heime i Aserbajdsjan. – Eg møtte ei veninne og mor hennar på gata ein dag. Mora hadde vore organist i Askvoll, og ho fortalte at no vanta dei organist der, så ho lurte på om eg var interessert, seier Sabina.

Ho var open for å prøve noko nytt. Ho hadde ein musikerkjæreste som spelte trumpet. Dei gifte seg, og han var også i Askvoll.

## Gode hjelparar

- Eg kunne ikkje eitt einaste ord norsk då eg kom, og det var heller ikkje noko ordning med gratis norskkopplæring for framandspråklege då. Men kyrkjeverje Astri Helle, sokneprest Stein Hugo Fykse og kontormedarbeidar Ingunn Vadøy tok godt imot meg og hjelpte meg. Det same gjorde Jorunn og Ragnar Bull, og ikkje minst var Arnulf Elle ein god lærar då eg i 2010 fekk ekstra norskundervisning for utlendingar ved Dale vidaregåande skule, fortel Sabina. Før det hadde ho mått finne lærar sjølv og delvis betale for det av eiga lomme.

## Dotter med autisme

- Heime i Aserbajdsjan hadde ho foreldra og ei søster. Og då ho vart gravid i 2012, drog ho tilbake dit. Dottera Ayan, som fylte 12 år i februar, viste seg å ha barneautisme, noko det er lite tradisjon for å følgje godt opp i Aserbajdsjan.

Med tida modnast difor tanken om å flytte attende til Norge, i håp om å få eit betre opplegg rundt Ayan der. Det viste seg at Askvoll vanta organist no også, og 12. februar 2022 var ho tilbake der.



Sabina Baylarbayova begynte å spele piano som 9-åring og liker å spele variert musikk. Orgel passer best til meir sakral musikk. Askvoll har fem faste gudstenestestader, her i Askvoll kyrkje.



For å nå over alt arbeidet og ta seg av dottera Ayan, som er autist, har Sabina hatt god hjelp av mor si, Rana, som har vore i Askvoll på tre månaders turistvisum fleire gongar.

## Mor Rana vart redninga

Men kombinasjonen organist med lite regulert arbeidstid, og å vere åleinemor for ei jente med ekstra utfordringar, er ikkje enkel. Difor vart det til at mor Rana kom til Askvoll to gonger i året på tre månaders turistvisum og tok seg av Ayan når Sabina var ute frå heimen på jobb.

- At mamma hjelpte meg var heilt avgjerande for at eg kunne greie jobben min. Til eit barn med spesielle behov

har det vore lite støtte frå kommunen. Det er mest travelt og kveldsarbeid rundt dei store høgtidene, så mamma var her rundt jul og påske. Men på grunn av helseutfordringar kan ho berre komme ein gong i året heretter, seier Sabina.

### Kjent gjennom Grand Prix

- Aserbajdsjan har om lag dobbelt så mange innbyggjarar som Norge, drygt 10 millionar. Dei har kystlinje til Det Kaspiske hav og grensar til Georgia, Russland, Iran, Tyrkia og Armenia.
- I 2008 debuterte vi i Melodi Grand Prix, og dette saman med prestasjonar i idrett har vore med på å gjere landet meir kjent, og dermed auka turisme. Vi har sjø, strand, fjell og skiterreng, så Aserbajdsjan er eit alternativ for mange, seier Sabina.
- Sjølv er eg eit solmenneske og bruker fritid og pengar på å dra til Italia, Spania og Portugal. Det gjev masse god energi. Her er for mykje regn, ler ho.

### Dirigent på billegsal

For tida dirigerer ho Atløykoret og det nokså nystarta Havklang for Værlandet og Balandet. I tillegg er ho musikalsk leiar for Askvoll kyrkjekor, etter at ho tidlegare dirigerte også det.

På Askvollheimen er ho ofte, og ein populær gjest. Vi var med då Anna Proskurnina og ho hadde humørfylt samling med fin pianomusikk, sketsjar og manikyr. Frivillige i Røde Kors var der og serverte drikke og snop, og stemninga var god.

- Dei eldre er ei takknemleg gruppe å arbeide for. Eg liker meg på Askvollheimen og skulle gjerne ha komme i gang med eit demenskor. Men sjølv i verdas rikaste land er det problem med å skaffe pengar til slikt, seier Sabina, som har mykje mindre betalt som dirigent enn andre, då kora hennar må betale henne av eiga lomme. Sjølv har



F.v. Lovise Estelita Øverås m/Jakob, Lovise Ovidia Bjørvik m/Ane, Sabina, Birte Systaddal Høydal m/Erle og Amalie Sandemose m/Almar.



Saman med Anna Proskurnina har Sabina humorsamlingar på Askvollheimen, som her, plakat i sydeninspirert kostyme. Ikke rart ibuarane tykkjer dei er tidige. No er Sabina også innom sjukeheimen i Dale av og til.

ho sunge i kor, damekor og blandakor, både i studietida og elles.

### Baby-og småbarnssang

- Då Guri Høstaker Nordheim sa frå seg babysongen i Dale, sa eg meg interessert i å overta. Eg begynte i januar 2023. Dette er for dei minste borna, der eitt av foreldra er heime i permisjon. Men eg hadde lyst å få dei med på eit tilbod vidare, så i samråd med Irene Fløde fekk vi også til Småbarnssang ein gong i månaden i Dale. Eg er imponert over mødrane i Dale som jamt over stiller godt opp, seier Sabina.

Ho trakterer like godt orgel som piano. Viss ho skal dra fram nokre favorittkomponistar, må det bli Johann Sebastian Bach, Sergei Rachmaninov og aserbajdjanske Vagif Mustafazadeh. Sistnemnde er kjend for å «mikse» folkemusikk og jazz, noko Sabina liker godt.



I 2024 vart det fødde 35 ungar i Fjaler. Ein del av dei kjem på småbarnssang, oftast med mødrane.



Dei siste par åra har Sabina Baylarbayova hatt baby- og småbarnssang i Dale, eit populært tiltak både for små og store. Litt trim for mødrane vert det óg. Nærast Lovise Estelita Øverås m/Jakob, bakom Lovise Ovidia Bjørvik m/Ane.

# LJOSHEIM – 3 MØTEROM FOR SEMINAR, FEST OG GODE MINNE

Ljosheim har siste året fått oppgradert salane med tv-skjermar, konferanseutstyr og forbetra lydanlegg. No kan du leige salane våre til ulike arrangement, der vi tilbyr:

- Storsal: Projektor, lydanlegg, mikrofon og trådlaus mygg. Inntil 90 personar.
- Småsal: 75" tv-skjerm med konferansekamera for teams-møte m.m. 2-15 personar.
- Matsal: 2 x 85" tv-skjerm med innebygd lyd, blåtann/kabel til pc/tlf. Lydanlegg med mikrofon og trådlaus mygg. Inntil 110 personar.

Ljosheim har HC-toalett oppe og nede. Trinnfri inngang nede, og trinnfri inngang med dørpnar i hovudinngang. Det er stellebord i HC-toalett oppe.

## Ljosheim – nye prisar frå 2025


Storsal (oppe)	kr 1500,-
Matsal (nede)	kr 1500,-
Storsal og kjøkken nede	kr 2500,-
Småsal (oppe)	kr 700,-
Småsal og storsal m/kjøkken nede	kr 2700,-
Matsal og kjøkken (nede)	kr 2500,-
Storsal og småsal (oppe)	kr 2500,-



Småsal for mindre møte.



Matsal pynta til dåpsfest.



Matsal klar for presentasjonar på minnestund og andre samvær.



Storsal tilbyr stort skjermbilete for presentasjonar, og fleksible bord- og stoloppsett.

**Behov for catering?** Spør oss om kven som tilbyr dette i Fjaler.

## Dette inkluderer leigeavtalen:

- Leigetakar kostar golvet etter seg og set interiør tilbake på plass etter leigeperioden i samsvar med romkart.
- vask etter utleige av utleigar
- Leigetakar vaskar utstyr som

går i oppvaskmaskin og set på plass i hyller og skap, forlet kjøkken i ryddig stand klar for neste leigetakar.

- Ved skade på multimediautstyr, blir leigetakar etterfakturert for erstatning av skaden. Skade meldast til utleigar og blir erstatta etter avtale med leigetakar.

# Syng i stille morgonstunder – salme 799

Forfattaren Elias Blix (1836-1902) var fødd på Gildeskål i Nordland, las til lærar på lærarseminaret i Tromsø og studerte til prest ved universitetet i Oslo der han vart professor i hebraisk. I åra 1884-88 var han kyrkjeminister i regjeringa. Blix vart gripen av målrørsla og byrja å skrive salmar på nynorsk. Samlinga Nokre salmar på om lag 150 salmar vart teken inn som tillegg til Landstads salmebok i 1891. I Norsk salmebok 2013 står det 34 salmetekstar av Elias Blix. Ein av dei er «Syng i stille morgonstunder», ein lys og vakker morgonsalme som tidlegare vart mykje brukt til morgonsamlinga i skulen, gjerne på ein solskinsdag når Guds «sol all skapning gyller».

## Guds sol

Gud skal ha vår lov og ros fordi han gjer det underet: å kalle «fram or mørkret ljosl!» Vi takkar og lovar Gud, som skapte både sol og stjerna, for «verna medan me i mørker sov.» Sola som Guds «kjærleiks smil i sky» er eit originalt bilet av Blix, men at Guds nåde er ny kvar morgen, har han frå Klagesongane 3,22-23 i Bibelen:

*Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgen.*

Det er ved sola sitt lys vi kan sjå, og ordet «sjå» bruker Blix heile fire gonger i første verset.

## Sjå, kor snøgt vår livsdag lid!

Enno ein gong skal vi sjå – denne gongen på vår korte tid her på jorda. Andre verset er forma som ei bøn ut frå ordet i bibelsk salme 90,12:

*Lær oss å telja våre dagar så vi kan få visdom i hjartet!*

Å ha visdom i hjarta er å innsjå kor kortlivet er og gjere dei rette vala medan det enno er tid.

## Dag med solskin utan sky!

Tredje verset sluttar med ei bøn om å bli vekt til ein ny morgen – ljosesens Fader skal lyse og leie oss til ein dag med «solskin utan sky», d.v.s. utan sorg og sakn. I den himmelske byen, er det Gud Faderen og Jesus som vil gi oss lys, slik som Johannes såg og skreiv om i Openberring 21,23:

*Og byen treng ikkje lys frå sol eller måne, for Guds herlegdom lyser over han, og Lammet er lyset hans.*

1 Syng i stille morgonstunder, syng Gud Fader lov og ros!  
Sjå, han gjer på ny det under:  
kallar fram or mørkret ljós!  
Sjå, hans sol all skapning gyller,  
alt med liv og lovesong fyller,  
sjå hans kjærleiks smil i sky,  
sjå kvar dag hans nåde ny!

2 Lær oss, Gud, kvar dag å telja,  
sjå, kor snøgt vår livsdag lid!  
Lær oss livsens veg å velja  
medan det er enno tid!  
ENN i dag du vil oss kalla,  
snart kan mørker på oss falla.  
Lat oss, medan det er dag,  
fylgja Andens nådedrag!

3 Gud, som skapte sol og stjerna,  
deg me syng vår takk og lov,  
at om oss du ville verna  
medan me i mørker sov!  
Lys og lei oss, ljosesens Fader,  
til vår sol i gravi glader,  
vekk oss så til morgen ny,  
dag med solskin utan sky!

Elias Blix 1891

MT

facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:  
[www.facebook.com/FjalerKyrkja](https://www.facebook.com/FjalerKyrkja)



NULL  
STRESS  
VI TAR DET PÅ  
vøpps

# VELKOMEN TIL KYRKJE

## Søndag 6. april

Dale kyrkje kl. 19.00: Samtalegudsteneste med konfirmantane fra heile Fjaler. Offer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

## Tysdag 8. april

Dale kyrkje kl. 19.00: Solidaritetskonsert med kulturskulen og Ungdomskoret. Kollekt til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

## Torsdag 17. april skjærtorsdag

Guddal kyrkje kl. 19.30: Gudsteneste. Guddalskoret deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

## Fredag 18. april langfredag

Dale kyrkje kl. 19.00: Pasjonsgudsteneste med lesing av lidingshistoria og krossmeditasjon.

## Søndag 20. april

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste med Cantus. Offer til Strømmestiftelsen

Folkestad kapell kl. 18.40: Miniorgelkonsert – "Gauken og nattergalen" av Händel etterfølgd av høgtidsgudsteneste. Offer til Strømmestiftelsen.

## Lørdag 26. april

Folkestad kapell kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

## Søndag 27. april

Dale kyrkje kl. 11.00: Barnas påskegudsteneste. Påskevandrarrar og Dale barnekor deltek. Utdeling av påskeboka. Offer til Redd Barna.

## Lørdag 3. mai

Dale kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.00: Konfirmasjonsgudstenester. Offer til barne- og konfirmantarbeidet

## Lørdag 10. mai

Guddal kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

## Lørdag 17. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Festgudsteneste. Solosong v/Anne Marte Ospedal Haugen. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten

Guddal kyrkje kl. 13.00: Festgudsteneste med Guddalskoret. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

## Søndag 1. juni

Guddal kyrkje kl. 11.00: Skaparverksdag med innskriving av 2026-konfirmantane. Guddalskoret deltek. Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Nødhjelp.

## Onsdag 4. juni

Dale kyrkje kl. 19.00: Vårkonsert med Cantus. Offer til Cantus

## Søndag 8. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste med Cantus. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin

Folkestad kapell kl. 19.00: Høgtidsgudsteneste. Trekkspel v/Jarle Milde. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin

## Søndag 15. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Skaparverksdagen med Dale barnekor og innskriving av 2026-konfirmantane. Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Nødhjelp

## Folkestad kapell kl. 14.00: Gudsteneste.

Skaparverksdagen med innskriving av 2026-konfirmantane. Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Nødhjelp

## Søndag 29. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Solosong v/ Marie Skadal. Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

## Søndag 13. juli

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kyrkjekaffi. Offer til SOS Barnebyer.

## Søndag 27. juli

Friluftsgudsteneste ved Korssundkrossen kl. 14.00: Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## Søndag 3. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Solosong v/Ingvild Rakneberg. Offer til Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet.

## Søndag 10. august

Dale kyrkje kl. 19.00: Avsluttande konsert i Fest i Fjaler helga med Line Dybedal og fullt band. Billetsal på Ticketco eller ved inngang. Kr. 350,-.

Sjekk [www.kyrkja.no/fjaler](http://www.kyrkja.no/fjaler), [facebook.com/FjalerKyrkjja](https://facebook.com/FjalerKyrkjja)  
Eller sjå «Det skjer» i Firda på nett for oppdatert informasjon

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særskilt viktig oppgåve.

Tekstlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

# I kyrkjelyden sidan sist

## Døypte

**Dale**

17.11.24 Kaia Yndestad Myklebust  
 19.01.25 Alv Magnus Berge  
 16.02.25 Gustav Arstein Aase  
     Jakob Evander Os Øverås  
 16.03.25 Miriam Fossen Genberg  
     Elvira Leknes Løkkebø

**Guddal**

02.02.25 Tobias Svartefoss

**Folkestad**

09.02.25 Nikolai Skaar  
 09.03.25 Hilde Einen

09.03.25 Håvard Aamot Haugen  
 døypt i Lavik kyrkje

I forrige nummer av kyrkjebladet kom vi i skade for å setje feil etternavn på to døypte. Dette er vi lei for, og riktig navn er som følger:

**Dale**

22.09.24 Olav Arstein Hellebust  
     Heine Aven Hellebust

## Vigde

**Dale**

31.12.24 Iris Therese Asperheim og Werner Andre Holm

## Døde

**Hellevik**

14.11.24 Rolf Henry Magne Kjøsnes

f. 1933

**Folkestad**

25.01.25 Olai Kjell Furset

f. 1943

**Dale**

14.11.24 Ola Trude Sande  
 19.11.24 Marit Borgny Skadal Strandenes  
 23.12.24 Per Dagmund Nedrebø  
 26.01.25 Olav Mathias Øen  
 27.02.25 Sonja Klara Flekke

f. 1950  
 f. 1950  
 f. 1936  
 f. 1942  
 f. 1933

## KONFIRMASJONAR VÅREN 2025

## Folkestad bedehuskapell

**26. april kl. 11**  
 Peder Frelend  
 Anton Ulvik Fristad  
 Emilie Nordnes  
 Nikolai Skaar  
 Leander Kjøsnes Storøy  
 Henriette Sofie Strømberg  
 Tijan Olai Stølen

## Guddal kyrkje

**10. mai kl. 11**  
 Sindre Bøge  
 Adelheid Guddal  
 Kristian Hegghem Møller  
 Ole Martin Mandelid  
 Sandøy

## Dale kyrkje 3. mai kl. 10

Nora Alværen  
 Linus Sandtorv Berg  
 Ragnhild Høgseth Felde  
 Vete Hermansen Flekke  
 Tiril Helle  
 Lea Vagstad Hellebust  
 Sanna Ulvatne Igelkjøn  
 Martin Halveg Nistad  
 Aksel Søderstrøm Risting  
 Elvira Sagevik  
 Nicolas Simonsen  
 Sanne Kyrkjebø Solheim  
 Valentin Rørvik Solheim  
 Noah Stenseth  
 Jesper Mulhearn Søgnen  
 Oliver Valvik  
 Normann Åsnes Yndestad

## Dale kyrkje 3. mai kl. 12

Liam Solvik Bakkebø  
 Miriam Fossen Genberg  
 Hannah Marie Solheim  
 Hillersøy  
 Mathias Viken Hjellbrekke  
 Aksel Guddal Hovland  
 Mina Ness Igelkjøn  
 Axel Bjørvik Myklebust  
 Espen Myklebust  
 John Senkin Myklebust  
 Mathilde Antonie Løveng  
 Myklebust  
 Magnus Mundal Nistad  
 Kairon Sande  
 Rennestraum  
 Johannes Pil Prestøy  
 Sandsund  
 Marte Sørland Solheim  
 Jan Sigurd Øen

## Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

**Bladpengar kr. 250 / 300 for året.**

**Redaktør:** Knut Arne Kummeneje og  
 Hildegunn Helleset

**Printfarm AS**  
**fjaler.kyrkjeblad@gmail.com**

## Kyrkja i Fjaler

[www.kyrkja.no/fjaler](http://www.kyrkja.no/fjaler)

Fjaler sokn  
 Dalsvegen 105A  
 6963 Dale i Sunnfjord  
 Tlf. 40 50 94 52  
 post.fjaler@kyrkja.no



## Kyrkjekontoret er ope

Tysdag, onsdag og torsdag  
 kl. 09.00–14.00

## Tilsette med kontorplass:

**Sokneprest Knut Arne Kummeneje**  
 mobil: 908 55 230  
 kk824@kyrkja.no

## Kyrkjeverje Kristin Kalstad

jobb: 40 50 94 52  
 mobil: 917 15 126  
 kk636@kyrkja.no

## Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449  
 mt884@kyrkja.no  
 Kantor har fri kvar torsdag

## Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321  
 hh696@kyrkja.no

## Kyrkjetenarar:

### Dale kyrkje

Gravferd: Nadiia Vysochanska tlf.: 909 57965  
 Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf.: 482 49547

### Guddal kyrkje

Anne Brit Mo tlf.: 950 21 424

### Folkestad kapell

Kontaktperson: Randi Frelend tlf.: 909 57 857

### Vedlikehald av Hellevik og Folkestad

**gravplassar** Jostein Folkestad tlf.: 913 41493

## Fjaler sokneråd

**Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Vipps #899129 Ljosheim

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

## INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjekontor  
Dalstunet, Dalsvegen 105a  
6963 Dale i Sunnfjord

# LINE DYBEDAL I DALE KYRKJE SØNDAG 10. AUGUST KL. 19.00

BILLET KR. 350,-. BILLETSAL PÅ TICKETCO OG VED INNGANG.

AVSLUTTANDE KYRKJEKONSERT I FEST I FJALER

Musikken til Line Dybedal har blitt lista på både NRK P1 og P3 ei rekke gongar, og album har ikkje minst rulla både 5'arar og 6'arar på kritikarane sine terningar. Med seg i bagasjen har også artisten tittelen "Årets artist 2023" (Luttpisen, NRK Sogn og Fjordane) der juryen meiner at Dybedal har ein sterk musikalsk identitet og er ein av dei fremste i sin sjanger frå gamlefylket. Line Dybedal har ei heilt spesiell evne til å skrive ærlege, vare og nære tekstar. Dette i kombinasjon med ei klar stemme som varmar hjartet gir ho publikum ei stemningsfull oppleveling. Det å spele i kyrkjerom er ein klar favoritt for artisten, og ho og bandet gler seg stor til å spele i Dale Kyrkje.